

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12 . Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Bruken av söt mjölk har **SVAR** auka etter dei byrja med seperator, elles laut<sup>di</sup> mjölki stå til dei kunde ta fløyten~~n~~ av. Mest bruka dei för sur mjölk, skjör dei kalla.
2. Hadde dei rikeleg mjölk kunde dei drikka henne til tyrstedrykk, eller leskedrykk millom måli, elles ikkje.
3. Forutan mjölk var saup ein god drykk, eller vart nytta attåt grauten. Bleng laga dei og tok med på arbeidet ute når det var varmt, i slatt, skurd og anna tungarbeid. ~~Hel~~st blanda dei i sur mjölk, <sup>eller</sup> saup, no er det sjeldnare dei brukar bleng, og dei har mindre mjölk heima avdi dei ~~se~~nder til meieri.
4. Öl kan eg ikkje minnst dei bryggja heima. På ein grannegard minnst eg dei bryggja ein gong. Öl meir brukt för, utan at eg kan greida meir ut um det. Dei bryggja til jol, har eg höyrt, det var vanleg, og so til vertskap t.d. brudlaup, eller og til sers arbeidslag som dugnad.
5. Kaffi var i bruk frå fyrst eg kan minnst, frå byrjingi av 1800-åri. Og den var ikkje heilt ny då heller, etter det eg syna, utan at eg veit når dei byrja med det. Truleg tok det til i festlege lag millom dei meir "fine" i bygdi og seig ned ned til dei andre, so no er det vanleg. Det vil segja mange~~er~~ brukar no mjölk og lite eller inkje kaffi, utan der er frände.
6. Når kaffien vart dagleg drykk veit eg ikkje för heimbygdi.
7. Frå det eg minnst var det kaffi til morgons, den "hola" ~~xxxxx~~ <sup>da</sup> dei gamle (gav mathug), men so ikkje ~~leire~~ gonger um dagen. So kom den i bruk til ettermiddagskaffi, og då dei byrja med brödmatt til nons, eller millömmatt, vart det og kaffi hjå mange. No drikk mange kaffi etter middagen og til nons, og sume jamvel til kvelds, ~~ser~~ <sup>eg</sup> eldre folk.
8. Dei sette kjelen på omnen med vatn i, let ~~at~~ koka upp og heldte so på den malne kaffien og let ~~kjelen~~ koka upp og deretter stå og klåra seg. För bruka dei kaffirot, tilsetnad av lövetann um eg veit rett, det var för å få farge på kaffien, no er det slutt, ~~Heller~~ ikkje bruka dei salt eller skinn til å klåra han med. Dei trakta addri kaffien heima. Eggjeskat bruka dei heller ikkje på kaffien. För spök kunde sume, serleg unggdomar, helst gjenter, freista spå i gruten, nokon regel eller rettleiding til dette har eg ikkje höyrt.
9. Frå gamalt bruka dei litt kandis til kaffien, ikkje kokt sukker. No seinare raffinade, toppsukker, helst i ferdege stykke, eg minnst aldri dei kjøpte sukkertoppar heima. Hadde dei ikkje raffinade, bruka dei strösukker~~x~~, anten i eller attåt kaffien.
10. Dei som ikkje hadde mjölk sjöve kunde bruka eit vipa egg i kaffien. Best likt var flötes<sup>d</sup> frå gamalt mjölk i han. Ost har eg aldri höyrt brukt i kaffien heima, heller ikkje anna. No byrjar sume drikka kaffien svart, utan noko i.

- 11. Te ikkje nytta til kvardags heima, korkje i gamal eller nyare tid, utan som eit reint slumpehende. Kjøpte dei te, var det den vanlege, ikkje nokongong turka dei sjölve noko til te. No kan dei bruka te ein og annan gong, gjerne med ~~XXXXXX~~ citron og sukker i, men mykje brukar dei då berre kokt vatn.
- 12. Brennevin lite brukt det eg minnest, aldri såg eg nokon vart skjekkt med brennevin heima. Når barsen ~~g~~ kona hadde född, var det skikk ho skulde ha ein dram. Aldri såg eg brennevin ~~XXXXX~~ brukt heima, höyrde heller ikkje det på andre gardar, men det kan vera dei nytta det, berre det gjekk stille.
- 13. Kjöpeöl, vörter, ~~s~~sters, brus o.l. ikkje kjøpt heima utan til sers lag t.d. brudlaup og festar, elles ikkje

5393

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING